



John Lie

Dykker ref.:

Vår ref.:

LUNING -18/610 -6

Arkiv:

2018002

Vår dato:

10.09.2019

## Referat oppstartsmøte 9. september

Til stades:

John Lie (plankonsulent)

Tor Oxhovd Svalesen (Bygdin hotell)

Magnus Kvame (JVB)

Magnus Lajord (VK)

Ingeborg Lunde (VK, ref.)

Tiltakshavar sendte over utkast til planprogram i forkant av oppstartsmøte med tilhøyrande illustrasjon av arealbruk. Dette danna grunnlaget for diskusjonen i møtet og ligg vedlagt referatet.

Hovudføremålet med planen er å flytte båtbrygga som M/B Bitihorn legg til land ved, utvide parkeringskapasiteten i området og legge til rette for større områder for næringsformål og fritids- og turistformål.

Følgjande tema vart gått gjennom

- Ny brygge nærmare Bygdin hotell  
Utfordring med brygga si plassering i dag er at den ligg nært Glommen og Lågen brukseierforening sitt damanlegg, det er utfordrande i høve til tredje persons sikkerheit. Vinkel på brygga er og uheldig, det er utfordrande å legge til med M/S Bitihorn når vinden kjem frå vest. Plassering av brygge nærmere Bygdin hotell krev stor masseutak frå Bygdin slik at båten kjem fram til brygga på låg vasstand. Desse massane ynskjes brukt i området. Vang kommune vil krevje at masseutak og masseplassering konsekvensutredast. Visualiseringar frå både vatn og land er ynskjeleg. Ved ny brygge må diesel og anna handterast på ein slik måte at ein unngår fare for forureining. Handtering av dette må omtala med eventuelle avbøtande tiltak.
- Parkering og trafikkavvikling ved Bygdin hotell  
Kommunen er positiv til at inn- og utkjøringa ved Bygdin hotell blir sett på i høve til god trafikkavvikling. Det er peikt på at det per i dag ikkje finst busshaldeplass i området, kommunen er positiv til at ein ser dette i samanheng med ny brygge.
- Parkering ved Bygdinstøga

Kommunen er positiv til at ein aukar kapasitet for parkering ved Bygdinstøga. Parkeringsanlegget vil ligge nært fv. 51 og ein må sikre at parkeringsanlegget ikkje hindrar siktlinja for bilistar.

- Campingvogn-/bobilparkering på sanden vest for båtutslipp M/B Bitihorn  
Kommunen er kritisk til å opne opp for motorferdsel i utmark. Ved ein eventuelt søknad om dispensasjon frå lov om motorferdsel i utmark skal det bli vist til eit særskilt behov som ikkje kan tilfredstilla på annan måte, og som ikkje knytter seg til turkjøring. Kommunen forstår at det er eit behov for campingvogn-/bobilparkering i området, og tilrår tiltakshavar å vurdere om det kan vere andre areal som er betra egna og som kan tilretteleggast for slik bruk.
- Nye næringsbygg ved Bygdin hotell.  
Kommunen vil peike særskilt på dei områda ned mot vasskanten som er tenkt fylt ut med masse, kommunen krev konsekvensutgreiing med grundige vurderingar rundt miljøverknadar av dette tiltaket og gode visualiseringar.
- Nye område for fritids og tuistformål ved Bygdin hotell  
Område ved eksterande brygge er markert som fritids- og turistformål, her har tiltakshavar tenkt å bygge små hytter i tilknytning til Bygdin hotell som skal leigas ut. Kommunen ser helst at arealbruken blir gjort om til næringsformål, slik at ein sikrar intensjonen om turistnæring.
- VA Bygdin hotell  
Det skal dokumenterast at eksisterande VA anlegg ved Bygdin hotell kan betjene både nye einingar og den auka bruken av området. Eventuelt må nytt VA-anlegg omtalast og søkast om.
- Stølsområdet ved Bygdin  
Vang kommune er negative til at forslagsstilla trekker stølsområdet ut av reguleringsplan. Det er viktig å sjå området under eitt og kommunen ser helst at planavgrensinga utvidast slik at stølsområdet blir inkludert.
- Båtutslipp for M/B Bitihorn  
Kommunen er positiv til at ein tenkjer langsiktig og legg til rette for evt. ny båt.
- Båthus for M/B Bitihorn  
Kommunen er skeptisk til dei visuelle effektane av eit slikt bygg, men ser fordelane ved å lagre båten innandørs om vinteren og at ein kan vedlikehalde båten innandørs gjennom heile året. Det visuelle er særskilt viktig, det må gjerast grundige vurderingar som sikrar at bygget ligg fint i terrenget. Det bør setast strenge krav til utforming. Kommunen ber om at det vert utarbeid visualiseringar som syner bygget frå fleire vinklar, særskilt korleis ein vil sjå bygget frå fv. 51.
- To områder i illustrasjon av arealbruk er markert som utsiktsplasser, desse områda er tenkt enkelt opparbeida for grillplass med platting/benk. Ved det eine området står det i dag ei fiskebu, den bør teiknast inn i plankart.
- Planprogram og konsekvensutgreiing

Administrasjonen vil krevje planprogram og konsekvensutgreiing for tiltaket. Dette sikrar at alle partar får høve til å vurdere påverknaden frå planen på ein akseptabel måte, og er meint å sikre at planprosessen vert effektiv og presis frå start. Planen omfattar fleire tiltak og vil påverke fleire interessantar. Administrasjonen ser at planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Bygdin er eit høgfjellsområde, med sårbar natur. Det er kort vekstsesceng så høgt til fjells og istandsetting/revegetering tek tid. Det er eit område med stor verdi for friluftsliv. Det er viktig for administrasjonen at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak. Ein ynskjer at det blir spesielt lagt på massuttak, masseylling, landskap, forureining og trafikktryggleik i ei konsesvensutgreiing.

Viser spesielt til forskrift om konsekvensutdredninger §8 og vedlegg II:

- 10. f) *Bygging av innlands vannveier som ikkje omfattes av vedlegg I, samt kanalisering og flomsikring.*
- 13 med henvisning til 12 c) *Feriebyer, hotellkomplekser utenfor bymessige områder og tilknyttet utbygging*
- Tentativ framdriftsplan:
  1. Godkjenning referat
  2. Varsling om planoppstart
  3. Utarbeide reguleringsplan
  4. Administrasjonen går gjennom reguleringsplan innan 12 veker etter mottak av planforslag.
  5. Reguleringsplan på høyring min. 6 veker.
  6. Ferdigbehandla for vedtak, om lag 4 veker etter høyringsfrist
  7. Sluttbefordring i HU og kommunestyret.
- Som opplyst om i telefonsamtale etter møtet tek Vang kommune betalt for planarbeidet jf. gebyrregulativet for [Vang kommune](#) (2019). Viser det seg at planarbeidet blir omfattande, må ein fortløpende vurdere fakturering etter medgått tid.

## Konklusjon

Kommunen er positiv til utviklingen som tiltakshaver ynskjer på Bygdin, men Bygdin ligg 1060 moh og er eit sårbart område for inngrep. Vang kommune vil krevje at det vert utarbeida konsekvensutgreiing for planforslaget jf. forskrift om konsekvensutredninger §8.

Kommunen ynskjer at tiltakshavar nyttar nasjonal mal for reguleringsplan i det vidare arbeidet, malen kan finnast på regjeringen sine nettsider. [Link til nasjonal mal](#)

Ved varsel om oppstart skal planskjema fylles ut så godt det lar seg gjere og legges ved. [Link til planskjema i Oppland](#)

Til orientering: Reguleringsplan for Bygdin har i etterkant av oppstartsmøte fått tildelt PlanID 2019003.

Med helsing

Ingeborg Lunde  
Arealplanleggjar  
Dir. tlf.: 61369484  
E-post: ingeborg.lunde@vang.kommune.no

**Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.**

**Kopi til:**

Tor Oxhovd